

STØTTE TIL PROSJEKT SOM BIDRAR TIL «DET GRØNE SKIFTET» I HORDALAND

Hordaland fylkeskommune inviterer til å søkje støtte til delfinansiering av prosjekt som vil bidra til reduserte klimagassutslepp og samstundes har eit potensiale for auka verdiskaping i Hordaland.

Kva kan få støtte?

Utfordringar knytt til klima og miljø og trong for å utvikla næringslivet inn i eit «grønt skifte» er eit viktig og gjennomgåande tema i Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2017 (HNN 2017). Her opnar det seg moglegheiter for næringsutvikling på områder som til dømes grøn datalagring, smarte og berekraftige samfunn, mat, alternativ energiproduksjon, nye reiselivsprodukt, bioøkonomi og energieffektivisering.

I HNN 2017 er 1.5 mill. kroner øymerkt til klimarettatiltak i næringslivet. I tillegg kan gode klima- og miljøprosjekt også finansierast innan dei tre innsatsområda; Entreprenørskap og innovasjon, Relevant kompetanse og Bergensregionen, Heilskapleg samfunnsutvikling, og inn mot bransjar med særleg fokus. Sjå [HNN 2017](#).

Kven kan søkje?

Relevante søkjarar er regionale utviklingsaktørar som til dømes næringsklynger, bransjeorganisasjonar, inkubatorar, regionråd, kommunar og næringsshagar.

Krav til søknaden

For å få støtte må midlane ha ein utløysande effekt for gjennomføringa av prosjektet. Søknaden blir vurdert i høve innsatsområda i HNN 2017 og i høve til [Klimahandlingsplan Hordaland 2017](#).

Vi ber om at søknadane skildrar korleis prosjektet vil kunne bidra til reduserte klimagassutslepp, redusert energibruk og/eller meir bruk av fornybar energi samt til auka verdiskaping.

Søknad sendast fortløpande via elektronisk søknadsskjema på www.regionalforvaltning.no

Ta gjerne kontakt for ytterlegare informasjon!

Inge Døskeland, tlf. 976 98 358, e-post inge.doskeland@hfk.no

Siri Hanson, tlf. 995 75 879, e-post siri.hanson@hfk.no

Ingeborg Sætrevik, tlf. 408 06 289, e-post ingeborg.sofie.saetrevik@hfk.no